



Sveinung M. Pile og Eilif Myklebust er dei to frå Uskedalen i Festidalen-leiinga. Her sit dei saman med Bjørn Sture Hillestad og Leif Ove Mikkelsen på festivalområdet. (Foto: Ola Matti Mathisen).

- Festidalen 2006 vart ein gedigen suksess med eit publikum på 1.000, men rekneskapen ligg ikkje føre enno.

Det sa Sveinung M. Pile då han kasta eit blikk både bakover og framover under opninga av haustsesongen til Bygdeutviklingsprogrammet i Dønhaugkjedlaren.

Det er to frå Uskedalen i leiinga for Festidalen – Eilif Myklebust og Pile.

Dei fem som dreg det største lasset skal no bli fleire. Målsettinga er å få med 15 til og fordela dei på komitear slik at børa blir lettare å bera.

I år var det 120 frivilljuge, som gjorde ein kjempejobb. Kvelden for dei på Bøkkerverkstaden ei veke før var eit viktig motiverande element. Men dei same frivilljuge må ikkje nyttast for mange gongar.

Festidalen-leiinga har mange positive erfaringar etter dei to festivaldagane. Pile rosar kommunen for godt samarbeid og dei næringsdrivande for ein positiv haldning. Likevel er det mykje meir enn 80.000 kroner (årets tal) å henta på sponsorsida og her må innsatsen skjerpast. Samarbeidet med filmklubben var ei positiv oppleving. Men det planlagde kunst-teltet gav liten respons og eit seminar måtte også skrinleggast..

Festidalen-leiinga ynskjer å laga ein festival med eit vidt perspektiv og gje publikum positive verdiar. Difor satsast det på fleire tilleggs-element. Slik blir det også i framtida.

Pile fortel at dei på sikt nok også kjem til å satsa på overnatting, men det vil skje med varsemd slik mat det ikkje blir ein ny belastning for bygda.

- Vi vil heller bli ein av dei beste enn ein av dei største festivalane og skal ikkje kopiera dei andre, seier Pile.

Men kor stor bør så festivalen bli? Viss publikumstalet nærmar seg 2.000, vil dei kunne leggja opp ein buffer på til dømes ein halv million kroner som dei kan møte framtida med. Men viss festivalen skal dekkja ein større region enn no blir logistikken ei utfordring. Her blir det ein balansegang.

Eit problem akkurat no er å skaffa lagerplass.....

Av Ola Matti Mathisen